

## Saksframlegg

Utval	Utvalsaknr.	Møtedato
Høgskulestyret		10.06.2016

## STRATEGIPLAN HVO 2016 - PROSESS OG FRAMDRIFT

### Framlegg til vedtak

Styret sluttar seg til opplegget for prosess og framdrift for revisjon av strategiplan for HVO slik det går fram av den samla vurderinga i saksutgreiinga.

### Bakgrunn

### Revisjon av strategiplan for Høgskulen i Volda 2016

I HVO sitt plandokument for 2016 står det at vi skal revidere FoU-planen (tiltak under verksemdmål 1.4). På siste styremøte gav styret uttrykk for at det ville kome tidleg inn i prosessen med å lage ny FoU-plan.

På den siste leiarsamlinga vart det semje om at vi ikkje skulle ha ein eigen FoU-plan, men at FoU-verksemda skulle integrerast i ein overordna strategiplan på ein betre måte enn i den gjeldande strategiplanen. Utkast til prosess og føringar for ein ny strategiplan skal presenterast for styret på junimøtet.

Gjeldande strategiplan vart vedteken av styret 291014 og har formelt inga tidsavgrensing. Planen har ein tiltaksdel for perioden 2015 til 2018. Revisjon av strategiplan er noko ein gjer med jamne mellomrom, ofte kvart 4. år. Men endringstakten og utviklinga i samfunnet har vore så stor dei siste åra at det kan vere behov for hyppigare revisjonar. Ikkje minst har de vore store endringar i UH-sektoren i kjølvatnet av *St. Meld 18 (2014-2015) Konsentrasjon for kvalitet*. Vi har også fått endringar i sektormåla og ein revisjon av finansieringsordninga sidan gjeldande strategiplan vart vedteken. Mange av tiltaka i den gjeldande planen er gjennomførte og nokre er ikkje lenger aktuelle.

I dette nye UH-landskapet kan det vere behov for at HVO gjer opp status og vurderer vidare vegval når det gjeld samarbeidspartnarar, profil og satsingsområde.

### Korleis organisere ein god prosess

I alle planprosessar er det viktig å sikre eigarskap og lojalitet til oppfølging av planverket. Vi må difor organisere prosessen slik at flest mogeleg får høve til å medverke i utforminga av

strategiplanen. Det kan også vere behov for å nokre føringar for diskusjonen både når det gjeld kva tema som skal vere gjenstand for diskusjon og korleis strukturen på plandokumentet skal vere.

## **Organisering av prosessen**

Vi kan tenkje oss tre ulike modellar for korleis vi kan organisere sjølve prosessen.

Alle modellane følgjer same tidslinje i høve framdrift der målsetjinga er eit utkast til ny strategiplan som kan arbeidast med på styreseminaret i slutten av oktober.

### **Modell A:**

Eit framtidsverkstad vert organisert etter lik modell på alle avdelingane og i fellesadministrasjonen. Ekstern prosess-drivar vert hyra til å leggje til rette og kvalitetssikre prosessen. Ramme for verkstaden vil vere ca ½ arbeidsdag og vil haldast på etablerte møtepunkt, til dømes personalmøte. Alle tilsette vil få invitasjon til å vere med.

Fordelar: Sikrar at alle får lik sjanse til å bidra og eige prosessen sidan alle er inviterte og forma vert lik. I tillegg vil ein kunne tilpasse enkelte problemstillingar etter lokale forhold/behov. Ekstern prosessdrivar utan eigarskap til ulike prioriteringar kan vere ein fordel dersom ein verkeleg vil opne opp for nye innspel og idear. Kan sikre mange innspel med minimal tidsbruk.

Ulemper: Kan vurderast som ressurskrevjande dersom alle vel å vere med.

### **Modell B:**

Dekano og høgskuledirektør får ansvar for å organisere drøftingar og samle innspel frå avdelingane og fellesadministrasjonen slik det høver seg best. Presentasjon av føringane vert gjort av leiar.

Fordelar: Kan tilpasse etter lokale forhold/behov.

Ulemper: Kan føre til stor variasjon i korleis involvering og medverknad vert praktisert og opplevd.

### **Modell C:**

Avdelingsråda får ansvar for å organisere drøftingar og samle innspel frå avdelingane slik det høver for den enkelte avdeling. Administrativt leiarmøte tek tilsvarande oppgåve i fellesadministrasjonen. Presentasjon av føringane vert organisert/gjort av avdelingsrådet/administrativt leiarmøte.

Fordelar: Kan tilpasse etter lokale forhold/behov. Kan bidra til å gje avdelingsråda eit viktig oppdrag, aukar sjansen for å involvere studentar?

Ulemper: Uvant rolle for avdelingsråda, usikkert om dei vil føle seg komfortable med oppdraget. Kan føre til stor variasjon i korleis involvering og medverknad vert praktisert og opplevd.

Ein kan også tenkje seg ein kombinasjon av A og B der avdelingsråda får ansvaret for å organisere verkstadene og samordne tilbakemeldingane frå den enkelte avdeling.

I alle modellane må rektoratet halde ei innleiing i samsvar med dei føringane som styret legg opp til.

Konklusjon: Dekanmøtet har diskutert dei tre modellane og vil tilrå at HVO nytter verkstadmodellen i strategiprosessen. Modellen sikrar mest mogeleg likt opplegg på kvar eining. Det er også ein fordel å engasjere ekstern prosessleiar.

### **Involvering av andre interessentar**

Ei utfordring i alle modellane er korleis vi kan involvere ulike grupper av interessentar. Er det alle grupper av interessentar vi bør invitere inn i strategiprosessen? Eller berre nokre utvalde? I så fall kven?

I utgangspunktet tenkjer eg at det kan vere nyttig å involvere STiV, studentsamskipnaden, Volda kommune, Møreforskning og mottakarar av kandidatane våre (t.d. NAV, skule- og barnehageeigarar, medieinstitusjonar osv). Styret har peika ut Universitetet i Bergen som ein prioritert samarbeidspartnar – skal vi invitere representantar frå UiB inn i prosessen? Kva avdeling kan gjere ei vurdering av kven som kan vere interessante å invitere inn. Dette kan ein gjere uavhengig av kva modell vi landar på.

Konklusjon: Dekanmøtet sluttar ser til synspunkta om at det er viktig å invitere eksterne interessentar med i strategiprosessen. Kvar avdeling får ansvar for å invitere relevante interessentar.

### **Føringar**

Konkretisering av føringar kan vere eit dilemma i ein strategiprosess. Slike prosessar skal på den eine sida opne opp for kreativitet og nytenking. Det kan trekke i retning av relativt få føringar. På den andre sida kan det vere krevjande å kome i mål på relativt kort tid dersom ein startar opp med ein rein idédugnad utan særlege føringar. Dessutan ligg det ein del føringar frå eigaren vår både i tildelingsbrev og i sektormåla og dei styringsparametrane som KD har definert.

Mitt forslag er at vi tek utgangspunkt i desse og vel nokre som er særst viktige for HVO. I tillegg kan vi sjå på status i Tilstandsrapporten 2016. Nokre av tala for FoU-verksemda og BOA peiker på utfordringar for HVO. Sidan UiB er peika ut som ein sentral samarbeidspartnar, bør strategiplanen seie noko kva som er ambisjonen med dette samarbeidet og på kva område det bør utviklast.

Konklusjon: Dekanmøtet meiner det viktig at strukturdiskusjonen opnar opp for nytenking og kreativitet. Men at styringsparametrane frå KD, konkretiseringa av avtalen med UiB, HVO sin plass i det framtidige UH-landskapet, utnytting av FoU-ressursane, organisering av forskargrupper og BOA-inntekter kan vere døme på nyttige føringar i diskusjonane.

### **Strukturen i dokumentet**

I den gjeldande strategiplanen tok vi utgangspunkt i sektormåla frå KD og la strukturen i dokumentet opp etter dei desse måla. No er det gjort ein del endringar i desse sektormåla.

Spørsmålet er om desse endringane gir ein god struktur på dokumentet. Nokre høgskular har gjort som oss og bygd strukturen rundt sektormåla. Nokre har gjort det heilt annleis (eg kan gå gjennom nokre alternativ på møtet).

Konklusjon: Dekanmøtet går inn for at strukturen i strategiplanen blir bygd opp omkring dei fire sektormåla.

### **Samla vurdering**

Eg rår til at styret går inn for at HVO nyttar verkstadmodellen i strategiprosessen 2016 og at det vert leigd inn ekstern prosessrettleiar. Det er viktig å invitere eksterne interessentar med i strategiprosessen. Kvar avdeling/fellesadministrasjonen får ansvar for å invitere relevante interessentar.

Det er viktig at strukturdiskusjonen opnar opp for nytenking og kreativitet. Men at styringsparametrane frå KD, konkretiseringa av avtalen med UiB, HVO sin plass i det framtidige UH-landskapet, utnytting av FoU-ressursane, organisering av forskargrupper og BOA-inntekter kan vere døme på nyttige føringar i diskusjonane.

Strukturen i strategiplanen blir bygd opp omkring dei fire sektormåla. Utkast til ny strategiplan blir presentert for styret på styreseminaret i slutten av oktober.